

SPRÅKLIG SAMLING



3 / 1974

JULI – SEPT.

15. ÅRGANG

UTGITT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

FORSVAR for „KNOTET“

– Av Einar Økland –

Språkpolitikarane er ein slags generalar, dei tenkjer på saka og sigeren, d.v.s. på sjølve språket.

Vi som ser det heile meir nedanfrå, i eit personleg perspektiv, tenkjer ikkje så mykje på kva språk som skal tape eller vinne. Vi tenkjer på oss sjølve. Når nokon vil ha oss til å skrive eller snakke på ein annan måte, då opplever vi det slik: Folk lyt bøye seg for språksak.

Eg meiner språkstriden stundom er stilt på ende, slik at det blir ein strid generalar imellom.

For meg er det nokså uinteressant kva språk som kjem til å bli vårt framtidige. For meg er det einaste viktige at folk kan stå på sitt eige talemål — uansett korleis dette er.

I dag er Norge ein stor stasjonsby der målblanding er regelen. Med dei store flokkane av folk som sentralisering av arbeidsliv og utdanning flyttar over norgeskartet, og med den lunka spray av oslo-norsk språkstoff som NRK, riksavisene og vekeblada (og lokalpressa med) sender ut over landet, kan ein ikkje vente stort anna.

Det oppstår ein ny dialekt i vår tid. Det er for langt kome til at vi kan hindre det. Dialekten heiter blandingsmål eller knot.

Krev vi normalisert mål i skrift eller tale av desse som knotar, då gjer vi det verre for dei, då bitt vi tunga på dei, då forlangar vi ein ny akademisme av dei.

La folk få skrive og snakke slik som dei vill! La dei knote!

Men dialektane då, skal vi ikkje halde på dei, så pene som dei er? Ja, for alle elsker dialektar (dei pene dialektane, ikkje dei stygge), og aller mest elsker bokmålsfolk dialektar.

For meg er det same press og tvang anten ein ber meg snakke ein dialekt eller eit normalisert nynorsk. Eg kjenner meg utilpass under presset. Eg veit dessutan at dialektane blir penare og meir verdifulle di eldre og meir dødsmerkte dei blir.

Talemål og dialektar er ikkje det same. Talemål er blandingsmål. Dialekt er i målstriden alltid det same som museumsmål. Noko som er så fint og ekstra at ein lyt leggje merke til det. Liksom det normaliserte talemål — hjå dei som brukar det heile veka meir eller mindre i embets og målstrids medfør — fortonar det seg som eit stasplagg. Eg skulle til å seie det er som å gå i festbunad heile veka, men eg skal nøye meg med å samanlikne normalmålet med ein dress. Dress heile veka? Det passar berre for

Over til side 2

Geir Wiggen:

NY MÅLSTRID?

Svar til Ola Halvorsen

I *Språklig Samling* nr. 2 i år refererer og kommenterer Ola Halvorsen en artikkel jeg hadde i *Dagbladet* i fjor. («Ny målstrid»). Jeg synes det er gledelig at synsmåten i artikkelen min deles i så stor grad av nestformannen i *Språklig Samling*. Men er Halvorsens holdning representativ for *Språklig Samling* som organisasjon? Det ville være fint om medlemmene rundt om i landet gjorde holdninga si kjent, skreiv en lapp til bladet for eksempel, slik at emnet kunne bli diskutert og avklara i organisasjonen. Det er mange som er blitt interesserte i den norske målstriden den siste tida etter at de sosiale og økonomiske språkbrukstilhøva igjen er kommi i fremste rekke i argumentasjonen. Vi må huske på at ordskiftet i målstriden de siste par tiåra har handla lite om nettopp de sosiale og politiske sidene ved målstriden. En heil generasjon har fått målstriden latterliggjort og presentert hovedsakelig på riksmålsbevegelsens premisser. Når dette har retta seg i det siste, ser mange som nå har fått interesse

for målsituasjonen i Norge, at Noregs Mållag, og især målungdommen, har ei klar og vel-artikulert holdning til de nye målstridsemna: Det er ei holdning som er knytta til et generelt politisk standpunkt som er anti-teknokratisk og anti-kapitalistisk og som tar sikte på å (gjen) opprette balanse mellom øst- og vestnorsk og mellom arbeider- og bondekulturen (by/bygd-kulturen) i målpolitikken. Det er mållaga som i dag er pågående og tar initiativ til fordel for folkemåla på Austlandet og i byene, noe av det mest undertrykte i norsk folkekultur til nå. Derfor står også mållaga fram som de naturlige organisasjonene for mange mennesker som nå vil ta del i striden for den folkelige kulturen. Men samtidig er det en god del på Austlandet og i byene som husker en organisasjon som het — var det *Språklig Samling*? — og som visstnok stod for et språk som låg nokså nært deres eget. De leiter littegrann etter denne organisasjonens

Over til side 4

Forsvar for „knotet” ...

Over fra side 1

dei som har visse jobbar.

Kven vann lettast fram til eit normalisert talemål, nynorskfolk eller bokmålsfolk? Bokmålsfolk sjølvsagt. Men det er kanskje flest av folk som snakkar dårleg mål, og det er desse nynorsken til slutt lyt representere og hente si kraft frå. Det sterke kravet til anten normalmål eller til rein dialekt favoriserer bokmålet. Difor er det så viktig for den fløyen å få nynorskfolka med på normaliseringskravet.

Og nynorskfolka normaliserer så gjerne.

Men vi som helst er nynorskfolk, skal vere klar over ein ting: Det er inntaksstopp i nynorsken i dag. Den tar ikkje opp i seg nye ord eller seiemåtar frå folkemålet. Det skal ikkje skje meir med nynorsken på ei tid, anna enn små knebøyningar i formverket.

For meg står det nokså klart at folk må få snakke som dei vil.

For meg er det også klart at folk må få velje akkurat dei orda dei vil når dei skriv — utan tanke på om dei kjem frå bokmål eller nynorsk.

Den einaste normalisering vi treng er ei *ortografisk*. Vi får lære oss å skrive same ordet på same måten. Endingane får vi gi sjølvstendig status. Vi får også stå fritt i å velje endingar.

Dette vil føre med seg at det norske skriftspråket kjem til å spegle norsk talemål langt betre. Det vil også føre med seg at språket får ei mengd *synonym*. Men det er akkurat slik det er i vår språklege kvardag.

Det vil bli mykje fæl målblanding å sjå, men det ligg i vår menneskelege natur å freiste lage form og struktur på vårt språk, så eg trur ikkje pludring og søl med ord vil bli resultatet. Vi strevar nokså automatisk etter det enkle og elegante og uttrykksfulle i språket vårt. Og lykkast dersom ingen forvirrar oss.

Så la folk knote og gjer det ikkje vanskelegare for dei! Knot og talemål er det same i Norge i dag. La det kome fram korleis folk verkeleg snakkar. Så kanskje vi også får høyre kva folk vil ha sagt —.

Frå mitt sump-standpunkt vil eg seie til generalen i helikopteret: *Folk er viktigare enn språk!*

SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 10 kroner året
Postgirokonto 1 63 78

Redaktør: Ivar Hundvin
Peter Kolstads vei 15, 3000 DRAMMEN
Tlf. (02) 83 64 80 / 82 28 39

Nye frontlinjer — samme mål

I omlag 70 år har språkstrids-organisasjonane Noregs Mållag og Riksmålsforbundet hatt ufred med kvarandre. Nykomlingen vestfrå ville — som salig Sverre prest — legge under seg heile landet. Dei som før rådde grunnen, skipa Riksmålsforbundet og gjekk i stillingskrig, og til motangrep. Striden har bølga att og fram om landområde/skolekretsar.

Nå er frontlinjene noenlunde faste.

I tillegg til striden om landområde — kvantitet — har vi hatt ein om kvalitet, om prestisje. Også her er det bra stillstand, etter at nynorsken har vunne fram som likeverdig med bokmålet/riksmålet. Vi kan i dag knapt tenke oss pipekonsert i Det norske teatret. Spreidde pip frå TV-sjåarar over «maulet» blir ikkje tatt alvorlig, heller ikkje uttrykket «heime-dansk».

Striden har vore hard og beisk. Ikkje rart at han også har komme til å omfatte *påvirkning*: Ord og former frå «fiendens leir» — overløparar — måtte avvisast!

Tilhengarar av språksamlingstanken, det einaste *verkelige* alternativ til språkkyøvinga, hadde ikkje lett for å komme til orde i *stridsorganisasjonane*. Så fekk vi i mellomkrigsåra Østlandsk Reisning, og i 1959 Landslaget for språklig samling.

Her lyder formålsparagrafen:

«Landslaget for språklig samling vil arbeide for et skriftspråk i landet og søke å nå fram til dette ved gjensidig tilnærming mellom bokmål og nynorsk. Landslaget er partipolitisk uavhengig».

Vi har ikkje rekna oss som noen *stridsorganisasjon*. Vi har prøvd å få folk til å legge godviljen til, og til å innsjå følgjande:

1. Berre noen få prosent av folket har vore medlemmer i språkstrids-organisasjonane. I dag er talet snautt nok 1 — ein — prosent. Dei har ikkje kunna hindre den påvirkning i retning

einskap som sindige språkfolk og politikarar har arbeidd for, med grunnlag i talemålet.

2. Dei skriftnormalane vi i dag har, er ikkje simplare eller ringare reiskap for tanken enn tidligare tiders landsmaal og rigsmaal. Vi kan derfor trygt gå vidare på samme veg.

I dag ser det ut til at dei gamle, språklige skiljelinjene er i ferd med å bli viska ut. Nye frontlinjer teiknar seg av.

Eitt av dei nye frontavsnitta heiter *politikk*. I eit innlegg i dette nummer spør Geirr Wiggen etter vårt politiske fundament. Han synes tydeligvis vi er for konservative, for lite progressive. Den nyvalde formannen i Riksmålsforbundet har følgjande å seie: «Og når det gjelder Språklig Samling og Noregs Mållag er det tydelig at de er blitt politisert av venstrevridde elementer» — sjå klipp annan stad i bladet.

Sentralstyret får nå ta opp også den meir politiske side av språkstriden. I mellomtida: Spaltane står framleis opne for innlegg — også om dette temaet.

Og vi har — som *språkorganisasjon* — framleis ei oppgåve: Å halde språksamlingstanken levande! Derfor ber vi om støtte.

Økonomien vår

«Den økonomiske situasjon i vårt forbund har lenge vært prekær. Jeg konstaterer nu at den er katastrofal.» Dette sier den nyvalgte formannen i Riksmålsforbundet i siste nummer av Ordet.

Så ille er det ikke hos oss.

Men likevel: Har du betalt for i år? Det *skulle* ligge en innbetalingsblankett i forrige nummer. Fann du den?

Mange har betalt, men somme står ennå til rest. Dere har vel ikke tenkt at vi skal få like dårlig råd som Riksmålsforbundet?

Må vi få minne om at også *nye medlemmer* er velkomne.

Skaff noen!

BLI MEDLEM

AV

SPRÅKLIG SAMLING

NY MÅLSTRID?

Over fra side 2

plass i målstridsbildet i dag: Hvordan er dens stilling til de konkrete målstridsemner som har vært framme den siste tida? Har organisasjonen et klart politisk fundament for språkpolitikken sin? Hvordan er i tilfelle det? Språklig Samling må stå fram med klare svar på slike spørsmål som disse om den nye generasjonen av målinteresserte mennesker skal bry seg om organisasjonen. Ja, rett og slett *bry seg om*: For jeg trur at svært mange knapt ser Språklig Samling i målstridsbildet i dag (unntak: representantene i Språkrådet?). Og det er synd, dersom det skulle vise seg at Språklig Samling er en organisasjon som kan fungere progressivt i det folkelige kulturstrøvet. Forholdet mellom målrørsla og Språklig Samling må avklares; men forutsetninga er sjølvsagt at Språklig Samling «presenterer seg» klart og utvetydig. Jeg vil tru at Språklig Samling står seg på en «presentasjonsrunde» nå. Og organisasjonen må tegne sin profil høgt og klar, så den ikke er til å misforstå. Det er ikke tid for runde og vage appeller.

Tilbake til utgangspunktet, som var Halvorsens artikkel. Halvorsen ser ut til å være uenig med meg på ett punkt. Han skriver: «Verre blir det når Wiggen påstår at «betydelige reaksjonære grupper og talsmenn» fant sin plass i målrørsla, og at disse i den grad tilslørte det sosialpolitiske grunnlaget for målstrøvet at de skapte en avvisende holdning til målrørsla og nynorsken blant arbeidere. (Det skulle være interessant å få en klar dokumentasjon for denne påstanden.)»

Det forbauser meg at dette forholdet er ukjent for nestformannen i Språklig Samling. Den kraftige indre striden i målrørsla i mellomkrigstida trudde jeg var kjent nok. Vi kan si at hovedskillet i målleiren gikk mellom «de sosiale» (progressive) og «de nasjonale» (reaksjonære). Fram til unionsoppløsninga var motsetninga mellom disse to fraksjonene eller ideologiene bak dem meir eller mindre latente. Seinere kom den klart fram. Sosiale og økonomiske problem som pressa på etter 1905 som følge av økt industrialisering og urbanisering, særlig på Austlandet, gjenspeilte seg ikke i målfolkets propaganda; den gjaldt ennå norsk vs. unorsk eller norsk-norsk vs. dansk-norsk. Det sosiale utgangspunktet til Ivar Aasen kom stadig meir i bakgrunnen. Målrørsla tok i stor grad preg av den nasjonal(romantisk)e, reaksjonære ideologien, som i grove trekk gikk ut på at «det nasjonale» var noe som var gitt i alle nordmenn, og at mangelen på nasjonal ut-

Gåver til Språklig samling

Erling Myklebust 50,—, Bernt Holen 10,—, Aase Løvland 30,—, Bjørn Rogen 10,—, Nils Hjelmtveit 30,—, Einar Aasgrav 20,—, Arne S. Jacobsen 50,—, Ingolv Sæter 10,—, Arne E. Oldem 80,—, Anna Nesland 10,—, I. Tjønn 10,—, Bjarne Hestetun 20,—, Erling Myklebust 80,—, Jakob Skauge 20,—, Jon Vidar 20,—, G. Horverak 10,—, Gunnar Nåvik 10,—, Halvor Dalene 100,—, Olav Langeland 30,—, Asbjørn Ørdsdal 45,—, Arne Ytrehus 30,—, J. T. Greibrokk 30,—, Anders Skogen 30,—, Nils Ausland 10,—, H. Nygard 10,—, Olav Åse 30,—, Rolf Stenersen 80,—, Th. Wiersen 30,—, Ragnvald Berli 30,—, H. Landsverk 20,—, Ove Byrkjeland 10,—, P. K. Aamo 20,—, Teodor Moen 50,—, H. M. Vesaas 80,—, Liv Myklebost 100,—, Erling Hofset 20,—, Reihn. Høydal 20,—, Peder Sætre 20,—, Hartvig Sætra 50,—, Leif Egerdal 40,—.

TAKK for gåvene!

Kasseraren

trykksform berodde på manglende modning av «det nasjonale» i den enkelte (+ manglende opplysning om språkhistoriske og dialektale tilhøve o. l.). Denne holdninga rådde særlig sterkt på Vestlandet. For eksempel gikk Vestlandske Mållag imot ny rettskriving i 1917. Da ville «målmeistrane» ha status quo! Omsynet til arbeiderne på Austlandet og i de store byene er ikke akkurat slående.

Det betydelige innslaget av reaksjonær nasjonalromantikk i målrørsla kan vi avlese i holdningsendringene hos sosialistiske ledere når det gjaldt forholdet til målrørsla. Før unionsoppløsninga forsvarte Martin Tranmæl målrørsla i Trondheimsavisa *Ny Tid*. Han skreiv at «landsmaalet ved mere at hævdes og komme til sin ret, vil hjelpe arbeideren til at ha lettere for at uttale sig og delta i de offentlige ting. Dette gjælder omtrent ligesaa meget ogsaa for byen, hvor en stor del af arbeiderne er indflyttede folk» (*Ny Tid* 9/12-1899). I 1916 har han et annet syn. Da mener han at målrørsla langt på veg har mista sitt demokratiske preg og har slått om i reaksjon: «Maalbevægelsen holder paa at bli en av de mest frihetsfiendtske og utiltalende bevægelser i vort land», skriver han i *Ny Tid* 13/3-1916. Endrer ikke målrørsla kurs «vil og maa (arbeiderne) opta kampen mot den». Bakgrunnen var at den offisielle målrørsla hadde hetsa arbeiderne i Østfold stygt, fordi det ved et visst høve ikke hadde vært noen der som hadde valgt landsmål framfor riksmål. Blant annet blei arbeiderne beskyldt for å være unorske; (de var jo innvandra svensker nesten alle sammen!).

Ullensakermål?

Visa «Manda morra blues» av Stein Ove Berg skal vera på «ein dialekt ifrå Ullensaker».

Då skulle innfødde folk frå Ullensaker seia: Jeg våkner, hjembakt brød, veien hvor de andre står, alle, halvt, er ikke, lenker vi mer aner enn forstår, kraven (t. d. på ei jakke), jeg spytter, i søvne, jeg stjeler, manda.

Kva seier no folk får Ullensaker om dette? Kjenner dei att målet sitt? For meg ser dette ut som Oslo-mål, av heller «fint» slag.

Ingeborg Hoff.

De spente motsetningene innafor målrørsla i mellomkrigstida gav seg utslag bl. a. i organisasjonen Østlandsk reisning (1916 — 1926), som nettopp hevda austlandsmålas og bymålas rett. Halvdan Koht var en ihuga representant for «den sosiale» delen av målfolket. Striden mellom de reaksjonære og de progressive i målrørsla får vi dessuten godt inntrykk av gjennom det som blei skrivi i målrørslas egne organer i mellomkrigstida. Fhv. formann i Studentmållaget, Ragnar Nordby, har bl.a. skrivi artikkelen «Attergangarar». Tittelen er mynta på de reaksjonære i målrørsla; han advarer mot reaksjonen: «Det er dobbel botn i målrørsla. Det har alltid vore indre motsetningar i målarbeidet, motsetningar som aldri heilt har kunna sameinast. På den eine sida har målreisninga bygt på bonderørsla med sine økonomiske og politiske krav. Målsaka var intimt bunden til vinstrepartiet og vinstrepolitikken. På den andre sida har ho i nasjonalromantikken hatt eit teoretisk utstyr, eit ideologisk våpen. «...» So lenge målrørsla og bondereisinga gjekk i hop, var romantikken jordbunnen og underordna bondepolitikken. Ikkje so lenger. No har han for alvor sloppe laus. Vi ser korleis han gror til fantastiske dimensjonar der vest. Det desse folka vil er å opna vegen attende til ein ny millomalder i samfundsliv, i religion og i språk. I politikken er dei reaksjonære aktivistar, i målrørsla fører dei ein strid mot all utvikling». ...« Korleis trur de so at dei gamle nasjonalromantiske slagorda verkar på Austlandet i ei tid bøndene strir for sin eksistens? Eg treng ikkje ofra mange orda på det. Røynsla har til fullnads synt at austlendingane med kvalme vender seg burt frå dette hole snakket. Og korleis trur de verknaden er millom arbeidare?» (*Mål og Makt* nr. 2-1935). I mellomkrigstida kunne de reaksjonære målstrevere gå sammen med sine åndsfrrender i Riksmålsforbundet til åtak på merkesakene til Østlandsk reisning. I dag er det ikke vanskelig å få øye på paralleller, f. eks. når Riksmålsforbundet til

stadighet bruker konservative måldyrkere i sin egen agitasjon mot f. eks. de «nye» språksosiale tonene i målstriden.

Dette får greie seg om dokumentasjon i denne sammenheng. Jeg kunne gått grundigere til verks og holdt fram kjente målmenn som Gustav Indrebø og Sigurd Kolsrud som representanter for de reaksjonære. Interesserte får heller vende seg til den litteraturen som foreligger om emnet, for eksempel Sigurd Skirbekk: «Ideologier i språkstriden» (*Kontrast* nr. 9 (1967), Ernst H. Jahr: «Østlandsk reisning 1916 — 1926» (innleiing til en antologi om Østlandsk reisning som Jahr gir ut på Forlaget Novus i haust), Hanssen og Wiggen (red.): *Målstrid er klassekamp* (Pax. Oslo. 1973). Mye vil en lære av å lese kilder som *Østagleitt, Den 17de Mai, Tidens Tegn* og andre sentrale organer fra mellomkrigstida. (Universitetsbiblioteket har det meste). Videre språkhistorisk oversikt gir Einar Haugen i *Riksspråk og folkemål* (U-forlaget. Oslo. 1968).

Statsforlag

Svar frå departementet

STATSFORLAG FOR LÆREBØKER

Både Noregs Mållag og Landslaget for språklig samling har rådd til at det blir skipa eit statsforslag for lærebøker.

I vår skreiv vi til Kyrkje- og undervisningsdepartementet for å høre korleis saka sto. Den 29. mai fekk vi følgjande svar:

Vi har mottatt Deres brev av 22. april 1974.

I Stortingsmelding nr. 84 ble det framsatt forslag om at institusjonen for radio- og fjernsynsundervisning skulle forestå produksjon av materiell og læremidler for institusjonens undervisning. Kirke- og undervisningskomitéen bad i en flertallsuttalelse departementet om «— i forbindelse med en seinere proposisjon til Stortinget om dette å utrede om institusjonen også skal få seg pålagt oppgaver med sikte på å imøtekomme behovet for læremidler i skoleverket generelt. I den forbindelse bør spørsmålet om et offentlig drevet eller offentlig organisert læremiddelforlag sees i sammenheng med institusjonen for radio- og fjernsynsundervisning», jfr. Innst. S. nr. 117. 1971-72, s. 182.

Departementet arbeider nå med en proposisjon til Stortinget hvor en forsøker å ta hensyn til flertallets ønsker. Men en vil understreke at på det nåværende tidspunkt er det for tidlig å si noe presist om hvordan flertallets uttalelse kan realiseres, eller hvilket omfang et statlig engasjement på dette området vil få de nærmeste åra.

Etter fullmakt

Helge Storsveen.

Arne Lie.

H. Nygard:

EIN UFREISTE VEG

Det er ikke så lett å hindre at det dukker opp tanker som somme kanskje ville kalle usømmelige. Å setta dem ned på papiret, kunne ein sjelvsagt la vera, men heller ikke det er så enkelt, når det er noe inni ein som stadig meler og seier at her er løysinga på *det* spørsmålet, ei utrulig enkel løysing.

Denne gongen er det fyrst og fremst tanken på å opphøge den kløyvde bøyinga av gjerningsorda til riksnorsk hovedregel som bryter seg fram. Hvem bruker kløyvd nemneform i gjerningsord? Det gjer over helvta av nordmennene når de talar. Det er ei stor ulykke at dette ikke er riksnorsk skriftnormal. Hadde de som stiller med rettskriving her i landet m. a. skjønt det — og ikke hengt seg opp i overdrivne forestillinger om vansker med å lære ut dette i andre strøk — kunne vi ha sett framtida rolig i møte. Eit vedtak om kløyvd nemneform og bruk av denne i grammatikker og ordlister ville gi dette prinsippet prestisje og de fordeler det fører med seg. Hellevik nemner dette viktige punktet (1973/1. 4. 1).

Men det er ikke nok berre å bruke den kløyvde nemneforma og la resten av bøyinga seile sin eigen sjø. Den største fordelten får ein med full kløyvd bøying: lea, lear, lea, har lea — kaste, kaster, kaste, har kaste. Det er denne framgangsmåten som gir rettferd til alle sider, som løyser striden mellom fortid på *e(t)* og *a*, og som derfor kan føre til språkfred, for det er vel nokså klart at ein ikke løyser noe spørsmål her i landet ved å sitte i *et-* og *a-* skyttargravene eller ved å gå over frå rein *et-*fortid til rein *a-* fortid. Etter mitt skjønning gjer det siste berre vondt verre. Rein *a-*fortid var kanskje på sin plass sålenge nynorsken hadde *a-*nemneform, men å halde på *a-*fortid når nemneforma har gått over til *-e*, er å setta verda på huguet. Bruker ein øra og vettet og auga med, lyter ein vera ved at ikke alt norsk folkemål berre har *a-*fortid. Men norsk har heller ikke fortid på *-et*. Derimot er det sams for målføra at fortidsforma slutter utan t.

Kring 1850 skreiv Martin Skara eit dikt:
Ved Glommens flod to ædle piger **vandred**
i Grue sogn den anden juledag,
med aasyn blid, med troskap til **hverandre**,

Det er tydelig at ein her lyter lesa **vandre-**med stum d- for å få ordet til å rime på **hverandre**.

I ei lita bok som Ole Svendsen gav ut i 1926 finner vi: — for han østover til Solør og «kristne den bygd».

-en tvehøgde seng-«nerseng og overseng»—.

Tykk melk eller «stane mjælk»,

Det regne lite grann (normalisert staving).

I Arbeiderbladet 1973/169.7.2 finner vi dette sitatet etter ei norsk-amerikanerinne. (Slekta kom frå Eidsvoll): Hu prate norsk med oss alle åra.

— at noen kan setta utfor der.

I boka Frå Dølen til Fedraheimen, 1972, s.66, siterer Vemund Skar O. J. Høyem:

Vi vil virkelig, at prestarne skal læres op i å tala og skrive og — å preike på landsens mål.

Alf Prøysen skriver slik: Nå har vi vaske golvet — og vi har pynte tre. — Men stjerna stod og blunke —. Nå skal je fortelja — så laga ho ei bru.

Det er klart at det hedmarkske **har vaske** ikke er halvdansk. Også Åsta Holth bruker kløyvd nemneform. Somme gonger finner vi kløyvd bøying. Berre det er ein pris verdt.

Vi teker med eit par eksempler frå bøkene hennes: — vart det verre — å tia.

Kornet og freden, s. 145

— utan å gnaga får ein ingen ting —

Kapellet, s. 13

— femti pund ull som skulle kardes, spinnes, vaskes og vevas —

Kapellet, s. 13

— at dei laut sitta og rive —

Kapellet, s. 13

Ho hadde ikkje tid til å sitta og gråte —

Kornet og freden, s. 198

Kornskjeppa skulle sås, spire, modne, skjæras og malas.

Kornet og freden, s. 195

Du skal ikkje hata slik.

Kapellet, s. 14

Å laga ting var å leike —

Kornet og freden, s. 220

— nå skulle kvinnene sitta blyge og brodere og berre høre på —

Gullsmeden, s. 33

Somme stader i bøkene åt Åsta Holth finner ein som sagt kløyvd bøying. Her er det vel slik at ho, utan å veta det, har kommi i skade for å sleppe fram solørske former:

Ho stod og nyste garnet (å nyste-nyster-nyste-har nyste).

Kornet og freden, s. 147

Klemmet løfte henne ned (å løfte-løfter-løfte-har løfte).

Kornet og freden, s. 178

Dei løfte mor si —

Kornet og freden, s. 241

Da presten riste oppgitt — (å riste-rister-riste-har riste). Kornet og freden, s. 252

Alf Hellevik:

Den nye debatten om „bunde mandat“

Den nye debatten om «bunde mandat» har fått dosent Alf Hellevik til å lage eit kort, kommentert notat om synspunkt på dette problemet frå proposisjonen om

Norsk språknemnd vart framlagd, og til drøftinga i Stortinget av Vogt-komiteéns innstilling og framlegget til lov om Norsk språkråd.

Notatet vart sendt medlemmene av Norsk språkråd til orientering før rådsmøtet 10. juni 1974.

I alle dei tjue åra Norsk språkråd var i arbeid, hadde ein gåande ein seigilva debatt om det såkalla bundne mandatet. Denne debatten har no blussa opp igjen i samband med arbeidet i det nye språkrådet. Men det er no skjedd eit overraskande sidebyte, der språkpolitiske grupper som før tok sterk avstand frå det dei oppfatta som eit bunde mandat, og nekta å vere med i ei språknemnd der dei ikkje fekk arbeide på «fritt grunnlag», brått aksjonerer for at språkrådet nøyte må rette seg etter det som dei hevdar styresmaktene har fastsett som språkpolitiske retningslinjer for arbeidet i språkrådet. Det synest såleis nødvendig at det må komme til ei avklarande drøfting av dette spørsmålet. Sidan usemja om «det bundne mandatet» var kanskje viktigaste grunnen til at språknemnda vart avløyst av språkrådet, må det vere

— som om det var sin eigen son han snakke om (å snakke-snakker-snakke-har snakke).

Det svara ikkje Mari på (å svara-svarar-svara-har svara).

Kapellet, s. 14

— han flytte (å flytja-flytter-flytte-har flytt).

Kapellet, s. 10

— at Lehmoien hadde flytt — Kapellet, s. 14

— vart flytt så langt unna — Gullsmeden, s. 15

— at han skulle lesa over liket (å lesa-leser-les-har lesi).

Kornet og freden, s. 158

Da han les juleevangeliet —

Kornet og freden, s. 160

Klemmet møtte auga hennes og les kva ho ville.

Kornet og freden, s. 181

Her viser norsk folkemål seg på sitt beste. Men dette er meir enn folkemål. **Det er riksnorsk.** Andre veger fins ikke. Ein lyter ha manns mot til å vedgå at nynorsken ikke kan gi slepp på a-nemneform i ei lang rad med grunnleggende ord som vera, gjera, bæra, laga, lea m.m. utan ta skade på si sjel, samtidig som austlandsk og bokmål har og lyter ha e-nemneform og e-fortid i ei lang rad andre ord.

nyttig å prøve å finne svar på dette to-ledda spørsmålet:

I kor stor mon var medlemmene av Norsk språknemnd bundne av mandat og retningslinjer, og i kor stor mon er det tilfelle med medlemmene av Norsk språkråd?

Det omstridde punktet i mandatet for språknemnda var formuleringa at nemnda i sitt abreid skulle «fremja tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn». For debatten om denne formuleringa viser eg til mi gjennomgåing i artikkelen «Norsk språknemnd blir til» i «Skriftspråk i utvikling», 10-årsskrift for Norsk språknemnd, og likeins min artikkel i «Mål og namn», Heidersskrift til Olav T. Beito. Her skal eg avgrense meg til spørsmålet om fritt/bunde mandat.

For debatten omkring skipinga av språknemnda fekk det mykje å seie at fleirtalet ved det historisk-filosofiske fakultet ved universitetet i Oslo gjekk imot det dei tolka som eit bunde mandat, som ikkje representantane for universitetet kunne vere forplikta av:

«Etter vår mening bør altså ein språknemnd bli oppnevnt på helt fritt grunnlag, og da bør Universitetet ha representanter i den».

Riksmålsvernet samla likeins sine motlegg mot framlegget «under hovedsynpunktene: større frihet for nevnden selv, større selvstendighet for de to målgrupper innenfor nevnden».

Eit sterkt mindretal i hovudstyret for Norsk presseforbund erklærte seg «enig i den tanke at det opprettes en fast språknevnd, men anser det uriktig at det skal være et vilkår for oppnevning at representantane på forhånd er bundet til en bestemt språkpolitisk linje». (St.prp. nr. 1,1950, tillegg nr. 3, s. 9—11).

Kyrkje- og undervisningsdepartementet (KUD) har i stortingsproposisjonen om Norsk språknemnd ei grundig drøfting av formålsparagrafen og formuleringa «på norsk folkemåls grunn» og konkluderer med:

«Både av nasjonale og sosiale grunnar skulle det vera rimeleg at eit norsk skriftmål byggjer på norsk folkemål». Men KUD legg til at prinsippet må nyttast med mange atterhald. Ein må ta omsyn til skrifttradisjon, system og samanheng i skriftmål og målføre, og dei særlege krav som litterært mål og fagmål set, og det må takast pedagogiske omsyn, osv. Og departementet sluttar av med:

«Her vil det i siste instans bli tale om eit skjøn, og det let seg i det heile ikkje gjera å setja opp eit så 'bunde mandat' at ikkje ein stor del av avgjerdene må byggja på skjønnet

åt medlemene i nemnda. Det er då og ein av grunnane til at departementet vil gjere framlegg om ei så stor og allsidig nemnd. Det ein likevel kan og bør freista å nå alt frå fyrsten, er at dei store retningslinene er fastlagde.» (St.prp. nr. 1, 1950, s. 15.).

Striden om «det bundne mandatet» til språk-nemnda heldt likevel fram, og var som nemnt ei viktig årsak til Vogt-komiteens framlegg om eit nytt råd med «en annen formulering av formålsparagrafen». Komitéen meinte at den negative innstillinga til språknemnda hos organiserte riksmålsfolk og i visse krinsar av nynorskfolk

«har vært begrunnet i Språknemndas forhold til myndighetene som et rådgivende organ innenfor rammen av et mandat som av mange ble betraktet som uforenlig med medlemmenes frihet til å hevde andre synspunkter enn dem som er formulert i mandatets § 1». (Innst. om språksaken s. 43).

Føresetnaden for at eit slikt råd kunne bli ein realitet, måtte vere

«at det fikk et så fritt mandat, og en så fri stilling at ingen ut fra fortolkninger av mandatets ordlyd skulle ha noen rimelig grunn til å nekte å delta i rådets arbeide og der uavkortet hevde sine standpunkter» (Sm.st. s. 44).

I framlegget til lovføresegn heiter det i pkt. b:

[Rådet skal] «følge utviklingen av talemålet i bygd og by og skriftspråket i presse og litteratur, og på fritt grunnlag fremme et naturlig samarbeide i dyrkingen og normeringen av våre to skriftspråk» (Sm st. s. 45).

Og tilsvarende heiter det i samandraget til slutt over dei tiltak komitéen foreslår:

«Opprettelse av Råd for språkvern og språkdyrking, med fritt mandat ---» (Sm. st. s. 53).

Kyrkje- og undervisningskomitéen sa seg i hovudtrekka einig i den målsetjing som kom til uttrykk i Vogt-komitéens framlegg til formålsparagraf, og komitéen var «ening i at rådet på dette område bør ha et mandat som ikke med noen rett kan utlegges som en begrensning av det enkelte medlems rett til å hevde sitt eget syn». Lars Roar Langslet viser til dette i ordskiftet om Lov om Norsk språkråd 9.6.1971. Komitéen var og samd i at ein tok bort dei omstridde formuleringane i mandatet for språknemnda. Men komitéen «tror likevel at det foreliggende forslag kan virke uheldig i den forstand at det av enkelte vil kunne oppfattes slik at en nå ønsker å etablere en større avstand mellom våre to skriftspråk. Også en slik oppfatning kan ha negative virkninger for vår framtidige språkutvikling». (Innst.S. nr. 189—1969—70, s. 287. Komitéen foreslår derfor visse endringar i ordlyden i punkt b; dei skal vi komme tilbake til.

Den passusen i Vogt-komitéens tilråding som riksmålsorganisasjonane har festa seg særleg ved og gjort til noko bortimot eit vilkår for deltaking i språkrådet, er følgjande:

«En av grunnene til den bitterhet som har preget noe av språkstriden i de senere år, og som for mange står som den vesentlige, er at tradisjonelle riksmålsformer som er levende i litteraturen, ikke tillates i lærebøker og for en del heller ikke i elevenes skriftlige arbeider.

Denne komité er ingen rettskrivningskomité og har ikke sett det som sin oppgave å komme inn på detaljer i rettskrivningen. Komitéen kan heller ikke binde et eventuelt fremtidig språkvernråd, men den vil henlede dets oppmerksomhet på forholdet. Komitéen har selv den oppfatning at det i disse spørsmål bør vises toleranse. Enhver rettskrivning vil måtte treffe et valg mellom forskjellige former som ofte hver for seg er meget brukt, men prinsipielt er det uheldig at former som både har tradisjon i skriftspråket og er levende i litteratur og tale, utelukkes fra den offisielle rettskrivning.

Hvilke av de levende former som har størst gjennomslagskraft, vil utviklingen selv avgjøre. Dette problem er kanskje noe mindre følbart for nynorskens vedkommende, men i den grad det er et spørsmål av samme alvorlige karakter bør også det være gjenstand for rådets oppmerksomhet». (Innst. om språksaken s. 31).

Det er denne passusen Riksmålsforbundet viser til i eit vedtak på det 32. landsmøtet i 1966, og som forbundet igjen viser til i si fråsegn om Vogt-komitéens innstilling (s. 16). Når Riksmålsforbundet vil la seg representere i det føreslåtte rådet, skjer det «i tillit til komitéens enstemmige uttalelser om behandlingen av riksmålet (side 30—31 og 53). Skulle denne tillit bli skuffet, og rådet, eventuelt myndighetene, ikke tillate at tradisjonelle riksmålsformer blir innlemmet i den offisielle rettskrivning, da vil det måtte regnes med at forbundet må overveie å trekke sine representanter tilbake». (Uth. av Rm.-forb.).

Her kan ein med rette hevde at det frie grunnlaget rådet no skulle arbeide på, er blitt erstatta av retningslinjer i ultimativ form. Og i stortingsdebatten 19. mai 1970 vart Lars Roar Langslet i eit replikkskifte konfrontert med det som Riksmålsforbundet hadde uttalt. Bl. a. viste Arne Kielland til det som er referert ovanfor, og heldt fram:

«Ingen andre språkorganisasjoner — det gjelder Noregs Mållag og Språklig Samling — har stilt vilkår for å gå med i Språkrådet. Den organisasjon som før har slåss hardest for at et språkråd ikke skulle ha bundet mandat, forsøker å påtvinge rådet et sånt mandat».

Og Kielland spurde Langslet om også Rm.-

organisasjonane lojalt ville gå inn i det nye språkrådet utan å stille slike vilkår. Til dette gav Langslet eit noko svevande svar, men hevda i alle fall: «Meg bekjent har ingen av de organisasjonane som er foreslått til representasjon i det nye sprogrådet, stilt noen form for ultimatum omkring sin representasjon». I den vidare replikkvekslinga siterte Kielland frå eit skriv frå formannen i Noregs Mållag der det heiter: «Det er heilt klårt at Noregs Mållag ikkje vil kunna gå inn i Språkvernrådet dersom ein annan organisasjon skal kunna stilla slike vilkår for sjølv å vera med». Og vidare: «I fall Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur ikkje endrar sine vilkår for å gå inn i eller bli ståande i rådet, vil Noregs Mållag rå frå at departementet no fremjar proposisjon om eit språkvernråd til avløyning av Norsk språknemnd».

Til dette svara Langslet:

«Jeg må gjenta hva jeg sa, at meg bekjent har ingen institusjon stilt noe krav i ultimatumens form for å gå inn i dette nye råd. Jeg har lest den passasjen som hr. Kielland nu refererte, og forundret meg litt over at den var formulert på den måten. For jeg hadde selv anledning til for en del måneder tilbake å være til stede på et møte hvor Riksmålsforbundets formann dementerte at det var stilt noe krav i ultimatumens form. På det møtet deltok også formannen i Noregs Mållag som har signert det brev hr. Kielland refererte fra». (Innst.S. nr. 189-1969-70, s. 2727—2728).

Det må etter dette vere noko vanskeleg for Langslet å forsvare at han no er den som tek fram igjen trugsmålet om at språkrådet kan bli sprengt, dersom rådet i arbeidet med rettskrivinga ikkje er villig til å følgje det Langslet og Rm.-forbundet oppfatter som «retningslinjer som Stortinget har skissert» (Aftp.'s kveldsnr. 15.3.-1974). Langslets foredrag i Oslo Riksmålsforening ser og ut til å vere innleiinga til ein samordna aksjon der den eine lokale riksmålsforeningen etter den andre vedtek stort sett likelydande resolusjonar.

Det er eit interessant fellestrekk ved denne stadige tilvisinga til den siterte passusen i tilrådinga frå Vogs-komitéen. Komitéen har tydeleg nok hatt ei kjensle av at den hadde komme inn på prinsipielle synspunkt på rettskriving som det — ikkje minst etter all kritikken mot «bunde mandat» — burde overlatast til språkrådet å drøfte og vurdere, saman med andre synspunkt og retningslinjer. Komitéen legg derfor straks til at «Denne komité er ingen rettskrivningskomité og har ikke sett det som sin oppgave å komme inn på detaljer i rettskrivningen. Komitéen kan heller ikke binde et eventuelt fremtidig språkvernråd, men den vil henlede dets oppmerksomhet på forholdet. Komitéen har selv den oppfatning at det i disse spørsmål bør

vises toleranse. Enhver rettskrivning vil måtte treffe et valg mellom forskjellige former som hver for seg er meget brukt...». Alt det som her er sitert, er i Riksmålsforbundets resolusjon i 1966 utelate og erstatta med prikkar. Og slik har det også seinare blitt sitert av andre førande representantar for riksmålsorganisasjonane. Dette er ein misvisande måte å sitere på, og særleg når ein bruker sitatet som grunnlag for å hevde at språkrådet her har fått bindande retningslinjer.

Vogt-komitéen synest ha teke opp problemet med tradisjonelle former på same måten som komitéen har drøfta mange andre problem, dvs. ulike synspunkt er registrerte og refererte, men konklusjonane er svevande, og det er overlata til det framtidige språkrådet og/eller styremaktene å arbeide vidare med problema. Og slik var det kanskje nødvendig å gå fram for ein komité som skulle prøve å få partane til å gå inn i eit samarbeid, og i dette spesielle tilfellet var det vel og rettast. For som komitéen sjølv skriv: den var ingen rettskrivningskomité.

I arbeidet med normative spørsmål er det, som KUD peika på i drøftinga av Norsk språk-nemnds formålsparagraf, mange og kryssande omsyn å ta, og omsynet til tradisjonelle former er berre eitt av desse omsyna.

Og her er det verdt å merke seg at Stortinget under drøftinga av Vogt-komitéens innstilling har gjort to endringar i lovteksta som klart understrekar to andre omsyn som må vegast mot det omsynet som Rm.-organisasjonane naturleg nok legg så stor vekt på. Begge desse endringane er i samsvar med dei prinsipielle synspunkta som Norsk språk-nemnd hevda i si fråsegn om innstillinga frå Vogt-komitéen. Etter ei gjennomgåing av den omstridde formuleringa i formålsparagrafen for språk-nemnda konkluderer nemnda:

«Problemstillinga er såleis ikkje om vi skal byggje vår framtidige språkutvikling og språknormering eine og aleine på folkemålet og sjå heilt bort frå skriftradisjonen og skriftspråknormert talemål. Spørsmålet er heller om alle partar kan akseptere også folkemålet, dialektane, som ein del av grunnlaget vi skal byggje norsk skriftmål på. Eit vilkår for eit realistisk språkfredsframlegg må vere at alle varianter av norsk talemål og skriftmål blir akseptert som eit felles grunnlag for samarbeidet i språk-nemnd eller råd.(...)

Uttrykket på fritt grunnlag, som berre kan forståast i relasjon til debatten om den noverande formålsparagrafen, er i vårt framlegg til formålsparagraf bytt ut med på dette grunnlag. Med ei slik formulering blir det samanheng mellom dei oppgåvene som er nemnde i punkt 2. Samarbeidet i måldyrking og språknormering bør skje på grunnlag av alt norsk mål, som det

derfor blir pålagt nemnda (rådet) å auke kunnskapen om, i fortid og notid». (Norsk språknemnd. Årsmelding 1966, s. 9).

Kyrkje- og undervisningskomitéen viser i si tilråding til denne fråsegnen frå språknemnda, og legg til

«Det må være et nødvendig arbeidsgrunnlag for den framtidige normering å få klarlagt alle disse varianter, slik at det nye språkrådet kan få det best mulige utgangspunkt for sine avgjørelser. Alle disse varianter tilhører vår felles språkarv, og utgjør et 'forråd' som begge skriftspråkene kan berike seg av». (Innst.S. nr. 189-1969-70, s. 275).

I si tilråding til lovtekst gjekk kyrkje- og undervisningskomitéen samrøystes over til språknemndas formulering «på dette grunnlaget» istf. «på fritt grunnlag», og det vart seinare vedteke av Stortinget. Som eg før har skrive, er det vel rett

«å sjå den nye formuleringa som eit avbalansert uttrykk for summen av divergerande synsmåtar og interesser i norsk språkplanlegging i dag. Og det er ei vinning at alle parti dermed har akseptert at det felles grunnlaget for norsk måldyrking og normering skal vere norsk tale-mål i bygd og by og norsk skriftmål i alle sine skiftingar». («Mål og namn», s. 104).

For det andre peika språknemnda på at formålsparagrafen burde nemne «at ei av oppgåvene for ei norsk språknemnd må vere å stimulere dei tilnærmingstendenser som finst i språka». Eg hadde hevda det same i ein kronikk i Dagbladet 1. juni 1966, men da tok Langslet sterkt til motmæle. Det var difor eit positivt resultat av drøftingane i K- og U-komitéen at Langslet seinare var med på denne samrøystes formuleringa av pkt. b i lova om Norsk språkråd:

[Norsk språkråd skal] «følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen».

Slik formålsparagrafen for Norsk språkråd no er formulert, er det ingen prinsipiell skilnad mellom den og dei retningslinjer språknemnda arbeidde etter. Det avgjerande blir no som før den praktiske utforming av norsk språkpolitikk og språknormering som rådet kan arbeide seg fram til, og som så departement og Storting får ta stilling til. For arbeidet i språkrådet har styremaktene (i Lov om Norsk språkråd) drege opp visse hovudretningslinjer, men medlemmene må — sameleis som i språknemnda — bruke sitt skjønns og vurderer dei ulike og kryssande omsyn, og fritt hevde sine meiningar. Og det vil vere uheldig om det blir lagt press på medlemmene ved at einskilde medlemmer eller orga-

Ordet på nytt

ORDET — tidsskrift for fri sprogutvikling — er kommet ut igjen, etter et års opphold. Det har nummer 1. — 2./1974, men den nye formannen opplyser at det er «en forsinket utgivelse av nr. 6 og 7/1973».

Lederen er svært kort og alvorlig:

RIKSMÅLSGAVEN 1974

Dette er en forsinket utgivelse av «Ordet» nr. 6 og 7 årgang 1973. Undertegnede ble valgt til formann for Riksmålsforbundet på landsmøtet den 9. juni 1974. Den økonomiske situasjon i vårt forbund har lenge vært prekær. Jeg konstaterer nu at den er katastrofal.

For at kampen for vårt riksmål skal kunne fortsette i organisert form må noe gjøres øyeblikkelig. Jeg henstiller til våre lesere og abonnenter om å sende et bidrag stort kr. 50,— eller mer.

«HVIS MANGE GIR LITT, VIL DET BLI MEGET.»

Dette skal være vårt motto for Riksmålgaven 1974.

KNUT WIGERT,

Riksmålsforbundets formann.

Dobbelnummeret har 22 tekstsider og 23 sider med støtteannonser (fra 142 firma, mest «shipping»).

Det ville ikke være riktig av oss å hilse bladet med uttrykket **godt ord igjen**.

Ein bygdeungdom som normaliserer til nynorsk, går ikkje bort frå målføret sitt soleis at han tapar identiteten ved det, han har stendig samband med målføre sitt og hentar måltilfang der i frå. Men «normaliserer» han til bokmål, då står han straks i fåre for å tapa noko av seg sjølv, for di han tenkjer i eit anna mål.
(Sigurd Sandvik i «Bergens Tidende»)

nisasjoner trugar med å sprengje samarbeidet om ikkje rådet kjem fram til eit resultat som dei på førehand har definert.

Heller ikkje bør det leggjast eit urimeleg tidspress på rådet slik at det blir hindra i å leggje eit nødvendig arbeidsgrunnlag for dei normative avgjerdene. Eg viser igjen til dei kloke merknadene frå Kyrkje- og undervisningskomitéen som er sitert ovanfor. Det rår ingen nødstilstand verken i skolen eller utanfor skolen som gjer det turvande med hastverksarbeid og hastverksvedtak. Det som no trengst er at utval og råd får rimeleg tid og ro på seg til å drøfte dei kryssande omsyna som gjer seg gjeldande i norsk språkstyring og språknormering.

Folkeleg ordsamling

Jakob Skauge fortel oss at nynorsken hadde «utvikla seg til eit finspråk, eit lingo for dei utvalde, dei som hadde lagt av dei folkelege orda og lært seg dei «gamle, gode» orda og formene.

Her er ei lita samling med folkelege ord or det vesle bladstykket frå Jakob Skauge i siste nr. av «Språklig Samling»:

Situasjonen, debattartikkel, organisere våre persepsjoner (m. fl.), konsorter (m.fl.), symbol, nasjonal og regional tilhøring, integrert del, sosial struktur, hersketeknisk, artikulert, subtil, uartikulert, framstilles, sosiologisk aspekt, sosiolingvistikk, sosialt stempel, integrert i den økonomiske strukturen, manipulasjoner (m. fl.), personlig bekjennning, representere, sjanser, lingvetisk, behandle, ordinære, tyskimportert, forakt, illustrerande, element i den sosiale strukturen, tysk-språklig, fungere, system, spesielle særmerke, reservasjonslaust, håndgangen, begrep, knekt (= tenar), modell, fungere, organisasjon, veletablert, identitet, renegat, aggressiv, akseptert, universal, deskriptiv, normal, argument, normativt, aspekt, absolutt, lingo, ideal, generasjon, eksperiment, majoritet, personale, regi, synonym, intim, dialekt, moment, identitetskrise, identitetsflukt, nedkjemping, nedvurdering, blasfemisk, verdensomspennende, pueril, latent, regional, eksplosiv, faktisk, innsats, — og aller nyast og finast — **nostalgisk**.

Som de ser, er det sant nok at nynorsken har vorte eit «finspråk», oversella med framandord. Kanskje hadde det vore vel så bra med «gamle, gode» norske ord i staden. Det er reint utruleg mykje folk som skjønar norske ord — enno.

Ingeborg Hoff.

Eg skal få lov å komme med ein liten merknad til dette. Med all respekt for Ingeborg Hoff, hennar kunskapar og gode vilje, må eg likevel påstå at hennar utgangspunkt og premisser er feil, og at ho difor råkar (godt norsk ord) på sida av saka.

Ho gir lesaren det inntrykket at eg er nynorsk-mann av den gamle skolen, som vil halde ute alle ord frå språket som ikkje var der før år 1400. Det fans slike folk (trulig har somme overlevd til den dag i dag), og dersom dei hadde vunne fram med sitt syn, så hadde vi fått eit nynorsk fin-lingo som hadde stått like fjernt frå folkemålet til den gemene hob som riksmålet til André Bjerke i dag.

(Har forresten Ingeborg Hoff og andre tenkt over bakgrunn og føresetnader for eit heinorsk Noreg med eit slikt særmerke? Vel, etter di det ikkje gjekk slik, så er min post-prognose sjølsagt bare eit tankeeksperiment. Men eg kan ikkje tenke meg at vi kunne ha fått eit slikt heilnorsk språk utan ein gruffull sjåvinisme hos breie lag av folket. Og det ville vore for dyrt kjøp. — Dette var eit sidesprang, og eg kunne ha lyst å komme tilbake til det i ein seinare artikkel).

Vidare gir ho lesaren det inntrykket at eg, enten av fåkunne eller gåløyse, har gått meg vill i den ord-

skogen av fremmendt opphav som nå gror opp omkring oss. Nei, eg har ikkje gått meg vill, i alle fall ikkje så mye at det gjør meg noe. Eg skal nok greie å finne vegen attende/tilbake frå **forakt** til **vanværdnad**, frå **verden** til **verd** osv. Det er bare det at eg ser ikkje noe formål i det. Eg vil ha eit folkelig språk, og da synes eg at ein, iallefall i vanlig språkbruk, bør nytte dei orda som folk flest bruker. Eller korleis skal vi elles definere ordet «folkelig»?

Når det gjeld dei nye orda av angelsaksisk opphav, bruker eg også dei utan å skamme meg. Eg veit at mange gjør narr av desse orda, dei gjør seg lystige på kostnad av stortingsmenn og «løvebakkendialekt» o. l. Dette er etter mitt skjønn kortsynt. Desse orda er språklige symbol for den nyttenkinga som vi gjennomlever i vår tid, og som vi må gjennomleve dersom vi skal overleve. Desse orda får vi frå dei store kulturlanda der nyttenkinga har størst breidde og intensitet.

Vi kunne nok lage «avløysingsord» for desse orda, men til kva formål? Dersom noen trur at det har noe for seg, da vil eg sette eit spørsmålstejn ved deira innsikt i språkpsykologi. Dei gjør samme feilen som språkfolka i gamle dagar, som trudde at heimelaga ord for kjemiske stoff (**nøre** og **brenne** for **oksygen** og **hydrogen**) hadde større pedagogisk verdi enn fremmendorda. Det stemmer ikkje. Moderne språkpsykologi seier at ordet først får verdi viss ord og begrep blir innarbeidde i hjernen samtidig, og da er det omtrent hipp som happ kva ord ein bruker. Eit «norsk» ord vil i og for seg ikke gjør eit tidligare ukjent begrep kjent for lesaren.

Eg kan igjen komme med ei lita «personlig bekjennning». Da eg hadde lese dette stykket språkpsykologi som eg her har gitt eit riss av, eksperimenterte eg med det. Eg presenterte barna, både mine egne og andre, for samansette ord som dei etter gammel oppskrift burde kunne ta på sparket. Eg spurte ein gong ein bande med fem-seks-åringar kva **skogbrann** var. Begge ledda var jo kjente, men nei. Dei skjønnte det ikkje, for dei visste ikkje at sjølve skogen kunne brenne. Begrepet var der ikkje, og da sa ordet ingen ting. Ord og begrep må vere ei samla oppleving. Elles vil ordet falle på steingrunn.

Til slutt: Dei som i likskap med Ingeborg Hoff har språket til fag og arbeidsområde, trur ofte at det er så lett å innføre norske avløysingsord. Det er det også — for dei. Men andre, som har andre arbeidsområde, stortingsmennene f. eks., strever hardt nok som det er med dei nye orda og dei nye begrepa, og kan vi i grunnen kreve at dei skal streve med nylaga ord når dei først har funne det ordet som dekkjer det begrepet dei har bruk for? — Etter mitt skjønn er det for mye forlangt, og det er dertil ei vrangforestilling å tru at det er noe vunne med det.

Jakob Skauge

Bergensere og striler

I en undersøkelse har jeg f. eks. funnet at studenter i Bergen ser bergenserne som sjølgode, snobbete, overlegne, patriotiske, entusiastiske og snakkesalige. «Striler», derimot, ble sett som kristne, reale, greie, trege og tause, og gamle og umoderne. Det synes rimelig å anta at mange vil endre sin språkform for å unngå å bli vurdert på denne stereotype måten. Ved ikke lenger å vise språklig hvilken gruppe de kommer fra, vil de unngå disse fordomsfulle vurderingene.

(Universitetslektor Jo Kleiven i «Dagbladet».)

JUNI - MØTET i Språkstriden er nasjonal

Norsk språkråd

sier Helge Ytrehus

Det blei ikke noe dramatisk oppgjør på råds-møtet 10. juni. Riksmålsforbundet hadde lands-møte helga før, og denne gang seira de sindige. I stedet for ultimatum, som enkelte riksmåls-folk med Lars Roar Langslet i spissen hadde gjort opptak til i vår, vedtok landsmøtet ei fråsegn til Norsk språkråd. Innhaldet er som venta: Krav om at riksmålsformene må få offi-siell status, og det snart. Men noe trugsmål var det ikke snakk om på møtet.

Professor Eyvind Fjeld Halvorsen gjorde greie for arbeidet i rettskrivingsutvalget for bokmål. Der står partene langt fra hverandre, og vil trenge et nytt møte for om mulig å legge fram en felles uttalelse om bokmålsnormen.

For tida er det ikke aktuelt med revisjon av språket i nynorske lærebøker, kunne profes-sor Reidar Djupedal opplyse. Han under-streka likevel at en måtte kunne ta omsyn til dialektene. Ord som blir uttalt likt på bokmål og nynorsk, bør også kunne skrives likt.

Ellers var det brevet fra Kirke- og under-visningsdepartementet om én felles avgangs-prøve og én felles karakter for morsmålet i ungdomsskolen, eller utvida adgang til fritak-ning for avgangsprøve, som opptok rådet denne gang. (Brevet er trykt i nr. 1/1974 s. 9).

Her var det ulike meninger. Lektor Trygve Bull gikk imot å kreve karakter i sidemålet for å komme inn på gymnaset. Det vil sette sperre for svake elever og stride mot tanken om den allmenndannende videregående skole. Adjunkt Kjell Hellesnes så forslaget om valgfrihet for sidemålet som et angrep på nynorsken, som er sidemål i de fleste tilfelle.

Endskapen blei ei tilråding om eksamens-karakterer både i norsk hovedmål og sidemål, og to alternativ for fritaking i sidemålet:

A — Eleven kan sjøl velge, men kommer ikke inn på gymnaset med bare én norsk-karakter.

B — Hovedregelen er at elevene skal av-legge prøve, men skolemyndighetene kan frita svake elever som søker om det.

Et mindretall gikk inn for én karakter i norsk på avgangsvitnemålet i ungdomsskolen.

Et forslag om karakter i norsk muntlig blei trukke tilbake fordi rådet ikke hadde hatt høve til å sette seg inn i saka.

Det har vakt strid at Helge Ytrehus har sagt at folkehøyskolen i Rauland ikke skal være noen strids-plass for Noregs Mållag.

— Men jeg mener slett ikke at norsk målsak skal skyves til side på skolen, sier han. Det jeg mener, er at målsaken skal settes under debatt.

Rektor ved akademiet i Rauland kan ikke være bundet til å forkynne det syn Noregs Mållag til en-hver tid har, eller Noregs Ungdomslag, eller hva Norsk Folkehøgskolelag for tiden måtte mene.

Personlig lar jeg meg ikke by en stilling hvor jeg ikke kan delta fritt i norsk kulturdebatt.

På 1950-tallet en gang, da jeg var ansatt ved Nansen-skolen, uttalte jeg meg til «Dagningen» på Lillehammer på en slik måte om foreldreaksjonen mot samnorsk, at bl. a. Arnulf Øverland, som satt i rådet for Nansen-skolen, ønsket å fjerne meg fra min stilling ved skolen.

Jeg hadde sagt noe sånt som at arbeidsfolk i Norge måtte forstå at de ikke måtte la seg kue av foreldre-aksjonen, og at aksjonen var uttrykk for at de borger-lige lag følte seg truet av at arbeidsfolk vant makt også i kulturlivet.

Jeg hører ikke til dem som underkjenner det sosiale element i språkstriden, men jeg roper at varsku når dette elementet blir rendyrket.

Etter min mening er det uttrykk for sosial romantikk dersom en vil drive norsk språkpolitikk i dag som om den sosiale situasjon i overflodsamfunnet er preget av det husmannsvesen og den underklasse vi hadde for 150 år siden.

Målsaken kan få et fåtall å støtte seg på, hvis den for fremtiden skal basere seg på en sosial underklasse.

Jeg vil forresten også sette et spørsmålstejn ved om det er historisk riktig at det er underklassen som har båret fram målsaken i Norge. I virkeligheten har hver-ken husmenn eller småkårsfolk vært så ivrige innenfor norsk målreising. Jeg vil si at det stort sett er bønder, lærere og mye av mellomklassen som har båret mål-saken fram, og de aller fleste i lederskapet i Noregs Mållag har vært professorer og universitetsfolk.

Jeg vil hevde at målstriden i Norge er et forsøk på å løse det nasjonale språkproblem, ikke et forsøk på å løse en sosial klasses problemer.

Som ung student var jeg til stede på mållagets årsmøte i Oslo i 1938 og lyttet til en fnysende strid mellom Severin Eskeland og Arne Bergsgård, roet ned av den milde og diplomatiske venstrepolitikeren Knut Markhus.

Mitt målsyn er preget av Arne Bergsgård og Halv-dan Koht, og jeg står på den linje at det bærende i norsk målsak er at den skal være med på å løse na-sjonens språkproblemer, ellers vil norsk målstrid synke ned til å bli en fraksjonsstrid for en spesiell sosial gruppe.

Og hva slags sosial gruppe? Hvis det er en slags sosial underklasse som skal bære norsk målsak, hva da med møbelhandleren på Sunnmøre, som er mål-mann, eller storbonden på Innherad — skal de settes utenfor? Og hva med arbeiderne på boreplattformene som pendler til småbruket i Rauland med sine tusen-lapper?

Nei, det må bli sli igjen, at en ser på norsk målsak som et nasjonalt fenomen, sier Ytrehus.

Hu

(Bergens Tidene 17.8.74)

HALVOR DALENE 70 ÅR

Den kjente samnorskmannen, rektor Halvor Dalene, Bø i Telemark, fyller 70 år 23. september. Dalene er fødd i Solum. Han tok lærerskoleeksamen i 1926 og språklig-historisk embetseksamen i 1939, med tysk og engelsk som bifag og norsk som hovedfag. Dalene var først lærar i folke- og framhaldsskolen og seinare lektor i gymnaset. Deretter var han rektor ved Brandbu statsrealskole. Frå 1953 til 1971 var Dalene rektor ved Bø gymnas og statsrealskole. Han er innehavar av Kongens fortjenestmedalje i gull.

Halvor Dalene er målføregranskar og har og gitt ut ordlister til skolebruk. Bl. a. er det han som har æra for Aschehougs såkalte C.ord-

lister med tilnæringsformer. Han har vore ein ivrig medlem av Landslaget for språklig samling sia starten i 1959 og har heile tida sitte i landsstyret for laget. For tida er han medlem av sentralstyret. Rektor Dalene var og med i Samlenormalnemnda og gjorde ein særlig stor innsats der. I det heile har Dalene vore ein framstående talsmann for samnorsktanken. Når han nå fyller sytti år, vil vi gjerne nytte høvet til å sende han ei varm takk for det store arbeidet han har gjort og uttrykke ønsket om at han ennå i mange år må få ofre seg for si hjertesak.

Magne Aksnes.

Norsk Målungdom intervjuar

Alf Hellevik — klipp

Bør målrørsla ta stilling til korleis bokmålet skal utformast?

— Ja. Vi bør styrke kontakten med radikale bokmålsfolk. All røynsle viser at dei står oss nær. Vi veit og at framgang for den eine har alltid ført med seg framgang for hin parten. Målungdomen bør leggje vinn på dette. Her vil eg nemne at fråsegner som vi får til Språkrådet om bokmålet, anten dei kjem frå bokmålsfolk eller nynorskfolk, er viktige. Det er ei påminning om at det ikkje berre er dei konservative bokmålsfolka ein skal ta omsyn til.

Vi veit at fagnemdene i Norsk Språkråd arbeider med å revidere skriftnormalene. Du sit i den nynorske fagnemnda.

Kva vil skje med nynorsknormalen?

— Det som venteleg vil skje, kan ikkje kallast nokon revisjon, men ei justering. Eg meiner at det som skal gjerast, er å gå igjennom 59-normalen, og luke ut inkonsekvensar vi, eller andre, måtte finne. Vi bør også prøve å kome særleg grunnskoleelevane i møte ved å gje rimeleg rom for sideformene.

Det grunnleggjande er å styre utviklinga så vi får eit skriftmål som ligg opp til talemålet i landet, og ikkje i utrengsmål vik av frå normalen i den andre målforma. Dersom bokmålet har former som har betre støtte i talemålet enn dei tilsvarande nynorskformene, då bør vi vurdere om vi ikkje må ta omsyn til det. Eg vil take oppatt at utviklinga i bokmålet er omfram viktig for oss også.

Bør vi målfolk ikkje kome austlandsmåla meir i møte?

— Nynorsken har teke mykje omsyn til austlandsdialektane. Og det bør vi halde fram med. Men slik situasjonen er i dag, kan vi heller ikkje normere oss bort frå dei som no verkeleg nyttar nynorsken. Vegen å gå er at austlendingane sjølve tek nynorsken i bruk. Dei kan då nytte austlendske former og få desse innarbeidde i nynorsken. Austlendingane må i første rekkje gjere dette arbeidet sjølve. La meg berre nemne eitt døme: itte ved sida av ikkje. Det let seg vel innarbeide. Itte har faktisk eit stort målføregrunnlag. Hovudregelen må heile tida vere at normalen må vere romsleg. Vi vil aldri finne fram til noko ideell rettskriving i den overgangsfasen som norsk språk er i i dag.

Trur du at vi nokon gong vil få eitt norsk skriftspråk, på norsk folkemåls grunn?

— Eg torer ikkje spå. Eitt skriftspråk får vi nok før eller seinare, men kor norsk det blir, det står på oss sjølve. Den politiske utviklinga i landet vil her bli nokså avgjerende. Før krigen, og like etter, var eg nok meir optimistisk enn no. Viljen til nasjonal einskap var overlag sterk i den tida, i språkspørsmålet med. Diverre kom krigen og andre hendingar og hindra ei stabilisering og trygging av dei folkelege formene i bokmålet. Reaksjonen har delvis ført bokmålet attende til eldre måltilstand. Men det kan komme ein snunad, og makta i neste bølge kan bli forsterka av atterslaget — for å tale med Moltke Moe. Og kanskje Norsk Målungdom er i framkanten av den nye bølge.

RIKSMÅLSSKUTE

med nytt mannskap

Det er ingen tilfeldighet at vi sammenlikner Riksmålsforbundet med ei skute. Knappt noen kan med større rett si med dikteren: «Vår ære og vår makt har hvite seil oss brakt». Om ikke nettopp kvite segl, så i hvert fall skipsfart, se annonsene i «Ordet» og «Frisprog». (Sistnevnte blad har forresten samme gateadresse som skipsrederiet med det norske navnet Olsen Daughter A/S: Universitetsgata 14 i Oslo, og samme sjef: Sofie Helene Wigert).

Etter Riksmålsforbundets 37. landsmøte 8. og 9. juni i år er skutemannskapet — centralstyret — slik:

Formann Knut Wigert, skuespiller og skipsreder

1. viseformann Henrik Groth

2. viseformann Knud Blaauw

Styremedlemmer og mannskap ellers er Margrete Aamot Øverland (gjenv.), Erling Granholt (gjenv.), Gerd Kjærnet (gjenv.), Jan Willoch, Claus Bugge og Mentz Schulerud. Varamenn: Øistein Parmann, I. C. W. Prebensen og Sofie Helene Wigert.

Den tidligere formann, professor Aksel Lydersen, blei valgt til formann i Riksmålsforbundets råd.

Årsmeldinga og den grundige drøftinga av økonomien, som skal være heller dårlig, tok mye av tida melder «Frisprog». Dette bladet har nå i realiteten overtatt som Riksmålsforbundets blad.

I en resolusjon stila til Norsk språkråd blei det m. a. krevd at «det offisielle bokmåls ramme må utvides til å omfatte alle de levende riksmålsformer som er nødvendig for et smidig og nyansert sprog». Videre blei det lagt fram en serie krav i samband med proposisjonen om ny lov om målbruk i offentlig tjeneste.

Fra et intervju Morgenbladet hadde med den nylvalgte formannen 29. juni sakser vi følgende:

— Hvordan klarer de yngste skuespillerne seg på en riksmållscene? De tilhører jo en generasjon som har lært radikale former.

— Vi møter overhodet ikke sproglige motsetninger, enda disse unge har vært tynt gjennom den pøsefabrikken som den norske skole er. Diskusjon om uttalen kan det være iblant, men ingen mangel på forståelse. Disse unge **snakker** jo heller ikke det sproget de har vært tvunget til å **skrive** gjennom hele skoletiden.

— I det hele tatt, fortsetter Wigert, jeg har aldri hatt inntrykk av at folk her i landet har vanskeligheter med å forstå hverandre, hverken på scenen eller ellers. Når jeg tenker tilbake på krigsårene, da jeg i Linge-kompaniet var sammen med soldater fra alle kanter av landet — sprogvanskeligheter fantes ikke mellom oss. Det er noe merkelig som dukker opp når man blir politiker — da begynner man å konstruere! Og når det gjelder Språklig Samling og Noregs Mållag er det tydelig at de er blitt politisert av venstrevridde elementer. Det er veldig synd, og det er også krefter i mållaget som beklager dette og synes det er en farlig utvikling med den revolusjonære retning innen disse organisasjonene.

☆
— Hvordan synes De forlagene oppfører seg — her kan vel forfattere skrive som de vil?

— Ja, og jeg tror det har veldig stor betydning at vi har private forlag. Skulle vi få flere statsforlag, ville sproget stivne i en statsform. Jeg tror det er sunt med konkurranse, og jeg tror de private forlagene også er viktige for det frie ord.

☆
— HVIS DET KOMMER til brudd med Norsk Språkråd.....

— Arbeidet i rådet fortsetter til vi får en avklaring. Men slik det ser ut i dag, er riksmålsfolk ved sin representasjon i sprogrådet bare blitt gisler for en radikal knoteordning for det norske sprog. Vi må få beholde vårt skriftsprog. Får vi ikke det, må vi søke veier som er mer kamppreget, og i verste fall må vi erklære oss som en sproglig minoritetsgruppe. Kommer det så langt, har vi et godt grunnlag å støtte oss på: Vi har en ren riksmålsordliste som nettopp er utgitt igjen. — Det er da en parodisk situasjon at denne ordlisten ikke er tillatt brukt i den norske skole, men i arbeidslivet er den tillatt!»

Dette er sterk kost kokt på kjensler og gamle propaganda-floskler, uten grønsaker og sammenheng med dagens norske språksituasjon. I så måte er alt med det gamle.

Det eneste nye er at formannen har oppdaga at økonomien er **katastrofal**, se notisen om «Ordet».

Hu.

„Pitlakål” - overlegen i enhver henseende!

Aftenpostens petit-journalist CM var ikke blid etter Riksmålsforbundets landsmøte i juni. Og den karen legger ikke fingrene imellom — **pitlakål** om han gjør! Vi gjengir utbruddet, som hadde overskrifta «Riksmålsmøte i den store trett- og nøysomhets tegn». Det viser at alt er ved det gamle i **den** del av riksmålsleiren.

«Det har ikke vært mulig å knekke riksmålet. Skjønt det allerede før krigen ble forbudt i skolen og statsadministrasjonen og hele tiden siden har måttet unnvære såkalt offisiell status, har folket i brede lag holdt på morsmålet. Så er det også et fint sprog med kvaliteter som gjør at det naturligvis er erstatningskonstruksjonen bokmålet — for ikke å snakke om nynorsken — fullstendig overlegent i enhver henseende. Det er vanskelig å forstå hvordan Stortinget like før tyskerne kom, kunne tro at det ved simpelt flertall (simpelt i dobbelt betydning) var mulig å avskaffe et frihetselskende folks morsmål.

Men tross alle onde anslag, tross iherdige underkuelsesforsøk fra storting, regjering, departement, skole, NRK, Norsk Språknemd og nyutgaven Norsk Språkråd som tilsammen utgjør en overveldende skattepengebetalt maktkonsentrasjon, har det livskraftige riksmål hatt den freidighet å overleve. Det burde jo egentlig ligget i grava forlengst, men det går videre. Det er virkelig litt av et under etter så megen forfølgelse.

Men med Riksmålsforbundet står det visst ikke like bra til. Det har lenge befunnet seg så avgjort på defensiven. Det kjempet bra mot Norsk Språknemd, især da denne uforgripelige nemnd hadde som uttrykkelig mandat å sammenkoke riksmål og landsmål og komme ut med ett samnorsk mål. Men da Språknemnda ble avløst av Språkrådet, lot Riksmålsforbundet seg i sin utrolige blåøyhet friste til å la seg representere i dette organ, til tross for at det var åpenbart at det kun var forgjengeren under et annet navn. Det var ialt vesentlig de samme personer med den samme riksmåls-fiendtlige innstilling. Det måtte være tindrende klart at ved å plasere 3-4 av sine medlemmer i Språkrådet, kunne ikke Riksmålsforbundet og Riks-

Lærebøker i den vidaregåande skolen

— enten bokmål eller nynorsk —

Kravet om at *alle* lærebøker *alltid* skal komme ut både på bokmål og nynorsk — og på samme tid — er ikkje blitt oppfylt.

Er kravet gjennomførlig? Er det rimelig i ei tid som vår med så mye god vilje mellom språkgruppene, og så liten forskjell mellom skriftnormane?

Jamstilling mellom dei to språkgruppene kan ein oppnå på forskjellige måtar. I Televerket og i Postverket har dei gitt ut somme av reglementsboekene på nynorsk, og da *bare* på nynorsk. I Postverket er det også slik at ein

målsakademiet oppnå noe som helst — de kunne ikke få noen virkelig innflytelse, de ville bare bli gisler. Og riksmålets fiender hadde all grunn til å glede seg, for ved at Språkrådet oppslukte et aldeles ufarlig antall ledende riksmålsforkjempere, ville riksmålsbevegelsen trettes ut, kampmoralen svekkes, det ville oppstå forvirring og splittelse — mange aktive riksmålsfolk var visselig inderlig uenig i at representanter for organisasjonen tok imot oppnevning som umyndige bisittere i erkefiendens hovedkvarter.

Idag synes Riksmålsforbundet å være helt på knærne. Maken til den ydmyge holdning det nu inntar, kan vi ikke minnes å ha opplevd tidligere. Det viktigste som kom ut av det landsmøte som ble holdt i helgen var en resolusjon til — ja, gjettt til hvem! Til det siste sted i dette land hvor man kan vente den ringeste forståelse for sine synsmåter: Til Norsk Språkråd! Tidligere har resolusjoner iallfall vært stilet til Stortinget eller Kirkedepartementet, men nu nøyer man seg pitlakål med en forsiktig henvendelse til Språkrådet hvor man spakt tillater seg å minne om at man i over to år har ventet på resultater fra rådet. Dette råd, som det vel å merke aldri kan komme noe godt fra, og som gjennom slik brevskrivning kun tillegges altfor stor betydning. Riksmålsforbundets linje burde vært å nekte enhver befattning med rådet og ikke ha noe med det å gjøre. Hvis man mener at rådet i utilbørlig grad sitter på en sak, burde man minst henvendt seg til Stortinget, eller kanskje aller helst til ombudsmannen. Intet kan være mer ørkesløst spillefekteri enn henvendelser til Språkrådet — det er riksmålsbevegelsen ganske uverdige, og Språkrådet har minsanten nok å smile av allikevel.

Men dette er tross alt ikke det verste. Det verste er at man nu synes helt å ha oppgitt kampen for sproglig rettferdighet — nemlig kravet om at riksmålet må gis tilbake sin offisielle status, at riksmålet skal inn i skolen igjen osv., og inte mindre enn det. Landsmøtet stiler ikke så høyt lenger — det er blitt så beskjedent og spakt og ydmykt at man må lure. Det eneste helgens landsmøte krevet, ifølge Aftenpostens referat, var «at det offisielle bokmåls ramme må utvides til å omfatte alle de levende riksmålsformer som er nødvendig for et smidig og nyansert sprog». Kort sagt — her står man med lua i handa og trygler om at noen riksmålsord endelig må bli opptatt i bokmålet!

Det kan man kalle nøysomhet. Kanskje en slags taktikk i håp om i hvert fall å oppnå noe. Men mest smaker det av tretthet, utmattelse, oppgitthet.

del av meldingane i sirkulæret frå Postdirektoratet og ein del av dei interne blankettane (omlag fjerdeparten) skal vere på nynorsk. Ein reknar som så at vaksne folk i dag forstår begge målformene.

Kunne det la seg gjøre å tillempe samme prinsipp når det gjeld lærebøker i dei vidaregåande skolane? Der *skal* dei kunne lese og forstå begge målformene. Og det ville i alle fall vere praktisk gjennomførlig — kanskje reint ut sagt svært rimelig — å la somme lærebøker alltid vere på nynorsk, andre alltid på bokmål. Norsk-bøkene fekk ein ha på begge målformene til så lenge.

Eg kan ikkje tru at det finst noen i dag i dei høgere skolane som ikkje forstår både bokmål og nynorsk, og at ei slik ordning skulle gjøre det vanskelig for elevane å tileigne seg kunnskapar. Tvert imot ville dei få ei meir realistisk oppfatning av kva det vil seie å bu i eit språkkløyvd land. Og kjennskapet til sidemålet ville dei få «på kjøpet».

Dei som måtte «ofre seg» var vel lærebokforfatterane — og forlaga.

Men ville ikkje det vere bryet verdt?

I. Hundvin.

Bynorsk like bra som nynorsk?

DET ER et sant gammen å lese Ivar **Eskelands** Laxness-oversettelser. Han gir denne mangfoldige skalden en norsk stiltone som jeg finner like besnærende som Hamsuns. Var det ikke for at farskapet var så åpenbart islandsk ville jeg adoptert barnet og skrevet til nordmennene på dette skaldesprog.

Islandingaspjall er originalmerket på denne kåserisamling om islendinger, og oversetteren har denne gang valgt å formidle den til våre tungemål på bynorsk, og det er like bra som når han formidler det på nynorsk.

(Olav Nordrå i Morgenbladet)

STØTT
Språklig Samling

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Postboks 636, Sentrum Oslo 1.
Medlemspenger, kr. 20,— pr. år.
Postgiro 16 378.

Formann:

Ivar Hundvin
Peter Kolstads vei 15, 3000 DRAMMEN

INNHALD:

	Side		Side
Forsvar for «knotet» — av Einar Økland	1	Jakob Skauge	11
Geirr Wiggen: Ny målstrid? Svar til Ola Halvorsen	2	Juni-møtet i Norsk språkråd	12
Nye frontlinjer — samme mål	3	«Språkstriden er nasjonal» klipp frå interv- ju med Helge Ytrehus	12
Statsforlag, svar frå departementet	5	Halvor Dalene 70 år	13
H. Nygard: Ein ufreiste veg	6	Norsk Mål ungdom intervjuar Alf Hellevik. Klipp	13
Alf Hellevik: Den nye debatten om 'bunde mandat	7	Riksmålsskute med nytt mannskap	14
ORDET på nytt	10	«Pitlakål» — av CM i Aftenposten	14
Folkelig ordsamling, ved Ingeborg Hoff og		Lærebøker i den vidaregåande skolen — <i>enten bokmål eller nynorsk</i>	15

FRIDA ANDREASSEN ETTF.

SKEI — SURNADAL



Kolonial — Kortevarer — Manufaktur
